

## Styremøte i SFSG 26. mai 2016 kl 11:00

Stad: Quality Hotell Sogndal

Desse møtte: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Ingunn Reme, Odd-Jarle Øvreås og Lars Nesse  
Forfall: Vidar Sandal

## Saker

### Sak 21/16: Arrangement/møter styremedlemene har delteke på sidan førre styremøte

Jo: Møte i geitegruppa 21. april på Skei

### Sak 22/16: Rekneskap

Me er i rute i høve til budsjett. Det vert truleg overforbruk på posten for møtegodtgjersle. Dette har samanheng med at dagsatsen vart auka.

Me tek rekneskapen til vitande.

### Sak 23/16: «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa

#### *Avlsutvalet sau:*

Nye kåringsreglar frå hausten. Dommarane må kursast.  
Rekruttering av nye dommarar. Nyhendesak på nettsida.  
Fylkesstyret ønskjer ikkje at kåringane skal starte før 24. september til hausten.

#### *Geitegeuppa:*

Møte 21.4  
Statuttar for beste Geit i Sogn og Fjordane, ny vandrepokal. Mal for diplom.  
Høyringsuttale på kvalitetsregelverk for geitemjølkk.  
Geitehelg: Framlegg 19. – 20. november på Skei.  
Marknadssituasjon for geitemjølkk.

#### *Gjetarhund:*

Val på gjetarhundråd vest.  
Høyring på Norsk Nursery.  
Norgesserie prøve i Stryn 17. – 18. sept.: Fullteikna.

## **Sak 24/16: Oppdatert status på manglande årsrapport/organisasjonsnummer/namn**

Brekke: Har sendt  
Askrova: Har fått Årsmelding  
Feios: Har fått årsrapport.  
Arnafjord: Har lag, men lita oppslutning.  
Fresvik: Felles med beitelaget.

## **Sak 25/16: Regionmøter – opplæring i organisasjonsarbeid i alle ledd. Tidspunkt, stad og opplegg for gjennomføring**

Me lyt utsetje dette til hausten og kombinerer det med leiarsamlinga.

## **Sak 26/16: Leiarsamling 2016. Tidspunkt, stad og program. Fordeling av arbeidsoppgåver.**

Satsar på 28. – 29. okt. på Skei. Ingunn undersøker med hotellet  
Startar fredag ettermiddag. Oppmøte kl 17, middag kl 20:00.  
Fredag, tema: Mineralforsyning til sau. Gruppearbeid. Prøver å få nokon frå Animalia/helsetenesta for sau (ansvar Odd-Jarle).  
Laurdag: Org. arbeid, ansvar som tillitsvalde, lagspermen. Prøver å få nokon frå NSG (ansvar Ragnhild). Lokallaga sin time.

## **Sak 27/16: «Strategi» for innspel til media i høve beitesesongen.**

Lesarinnlegg:

- Bygningar, gjerde, grinder.
- Sjuke dyr, kadaverfunn.
- Bandtvang.

## **Sak 28/16: Samanslåing av lag i Luster kommune**

Følgjande Sau og Geit lag har slege seg saman i Luster kommune: Gaupne, Luster, Hafslø, Skjolden og Indre Hafslø har slege seg saman til Luster Sau og Geit (Org nr. 917 063 788).  
Skipa 31. mars 2016 med Øystein Urnes som leiar.

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit godkjenner samanslåinga.

## **Sak 29/16: Statuttar ny pokal for beste geit i Sogn og fjordane**

Fylkesstyret godkjenner statuttforslaget frå geitegruppa med følgjande tillegg:

Pkt. 4: Fylkeslaget dekkjer dagpakke og middag på årsmøtedagen for eigar m/følgje.

**Sak 30/16: Skadefelling – Brukarundersøking**

Lars lagar forslag til uttale frå Sogn og Fjordane Sau og Geit.

Referent

For styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit

*Odd-Jarle Øvreås*

*Sekretær*